TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **19. februar 2024** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Svein Terje Brekke.

MØTESTED:	Tysvær rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 14.40
MØTENDE MEDLEMMER:	Svein Terje Brekke (Krf), Stig Hop (INP), Bodil Elvie Varpen Tungland (Ap) og Åse-Berit Apeland Rolland (Sp)
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	5. vara Rune Hagland (H)
FORFALL:	Karsten A. Larsen (Frp) og 1. – 4. vara.
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård
FRA ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Sigurd Eikje
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Monica Lindanger
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.11.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 28.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.24:
Utvalet hadde ingen merknader. Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.24:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 28.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/24 ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Tysvær kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.24:
Leiar innleia om saken og viste til engasjementsbrevet frå revisor som var vedlagt. Revisor informerte kort om innhaldet i engasjementsbrevet og svara på spørsmål frå utvalet.

Utvalet hadde ingen merknadar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.24:

Tysvær kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 13.11.23 til orientering.

SAK 03/24 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Tysvær kontrollutval vedtar følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

13.05.24	administrasjonen v/rådmannen
10.06.24	helse og mestring v/kommunalsjef
09.09.24	oppvekst og kultur v/kommunalsjef
11.11.24	økonomiavd. v/økonomisjef
1. møte 2025	samfunnsutviklar v/kommunalsjef
2. møte 2025	personal- og organisasjon v/kommunalsjef
3. møte 2025	…….
4. møte 2025	…….

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.24:
Leiar innleia om saken. Utvalet var nøgd med forslaget. Medlemmene ønskte ei orientering om teknisk i novembermøtet. og vil forskyve rekkefølgja på dei andre orienteringane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.24:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

13.05.24	*administrasjonen v/rådmann*
10.06.24	*helse og mestring v/kommunalsjef*
09.09.24	*oppvekst og kultur v/kommunalsjef*
11.11.24	*teknisk og næring v/kommunalsjef*
1. møte 2025	*økonomiavd. v/økonomisjef*
2. møte 2025	*samfunnsutvikling*
3. møte 2025	*personal- og organisasjon*
4. møte 2025	

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 04/24 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:
Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:
Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.24:
Leiar innleia med at årsmeldinga ga ei oversikt over aktiviteten til utvalet i 2023. Han meinte det hadde vore eit godt samarbeid med administrasjonen og revisor.

Ordfører presiserte at arbeidet til kontrollutvalet var viktig og bidreg til å hjelpe kommunen til å forbetre sine tenester.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.23:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2023.

Innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2023 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 05/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.02.24

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
3. Tilsynsrapport frå statsforvaltaren i Rogaland ved Ølen skule
4. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
5. Oppsummering frå dagskonferansen i Sandnes 18.01.24
6. Oppsummering frå NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24
7. Oppsummering frå Kontrollutvalsleiarskulen 2024
8. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
9. Statsforvaltaren i Rogaland – Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2024

Handsaming i kontrollutvalet 19.02.24:
Leiar gjekk gjennom referatsakene. Stig Hop oppsummerte kort frå NKRF konferansen på Gardermoen.

Rådmannen svarte på spørsmål frå medlemmene om tilsynsrapporten som Statsforvaltaren hadde gjennomført ved Grinde skule.

Leiar informerte om invitasjonen til FKT konferansen i juni. Medlem som ønsker å delta på konferansen melder sin interesse til sekretariatet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 19.02.24:

Referatsaker 1 – 9 blir tatt til orientering.

YMSE
Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

I etterkant av møtet hadde Rogaland Revisjon eit dialogmøte for å få innspel til arbeidet med risiko- og vesentleganalyse.

Neste møte: måndag 13.05.24, kl. 14.00

Saker: kommunen sin årsrekneskap for 2023, orientering frå rådmannen, oppfølging av rapport om «Førebygging og tidlig innsats», forvaltningsrevisjonsrapport «Beredskap, hendingar og katastrofar» og presentasjon av ROV.

Aksdal, 19.02.24

Svein Terje Brekke
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær